

Eikefjord Grendalag

# Årsmelding 2012

Årsmøte Eikefjord Grendalag
søndag 7. april 2013 – kl.18.00

# Sakliste:

Sak 1: Opning av årsmøte

Sak 2: Godkjenning av innkalling og saksliste

Sak 3: Val av møteleiar og referent

Sak 4: Val av 1. person til å skrive under møteprotokoll i lag med møteleiar

Sak 5: Årsmelding 2012

Sak 6: Rekneskap 2012

Sak 7: Budsjett 2013

Sak 8: Val av styre 2013 v/valkomité

Sak 9: Val – valkomité

Sak 10: Val – 2 revisorar 2013



*Eikefjordprisen blei i år delt mellom Reidar Høyset og Steinar Karlsen. Dei er to gode representantar som er eit foredøme på korleis bygda kan profilerast. Reidar som den gode hjelpande hand i bygda og Steinar som reiser ut og på den måten gjer bygda kjent.*



# Årsmelding – Eikefjord Grendalag 2012

Eikefjord Grendalag har hatt 13 styremøte 2012/2013 etter signert møteprotokoll. I tillegg har det vore arrangert folkemøte om flytting av den nye kraftlinja over bygda, og 4 møte med lag og organisasjonar i høve evaluering av Eikefjorddagane 2012 og planlegging av årets arrangement 2013.

**STYRET 2012:**

Anders Ole Sunnarvik (leiar), Berit Seljeseth Osa (kasserar/nestleiar), Cathrine S. Holsen Gardner (sekretær), Per Ole Solli, Heidi Rimmen, Magne Karlsen og Tommy Agledal (styremedlemmar).

**ØKONOMISK STATUS:**

Vi har vore gjennom eit nytt godt økonomisk år. Spesielt Eikefjorddagane gav eit bra resultat, og styret gjorde eit vedtak på ekstra utbetaling av honorar til dei lag og organisasjonar som deltok med dugnad til arrangement. Det har også vore ei større investering i gatelys frå Storevik til Sørgardkrysset der Grendalaget dekka netto Kr 37 000.- av kostnaden. Advokat Magne Revheim som prøvde å få kraftlinja høgare opp i lia over Eikefjord , kosta grendalaget kr 21 000.- i honorar.
Omsetninga for 2012 viser Kr 1 058 000, med eit overskot på ca. Kr 146 000.-
Likvide midlar var ved årsskifte ca. Kr 500 000.-, som gjev eit godt grunnlag for drifta inn i 2013.

**ARRANGEMENT:**

Lunsjtreff i Firdaløpet med Sunnfjord veteranbilklubb på Allhuset – laurdag 22. juni 2012.
Over 100 kjørety stilte opp i eit godt parkeringssystem, og det vart selt betasuppe av In Spire.
Eikefjorddagane 2012 : 17 – 19. august. Svært vellukka arrangement.
Steinar Karlsen – plateslepp på Allhuset laurdag 19. januar 2013.
Rita Eriksen Trio – kyrkjekonsert Eikefjord kyrkje 10. februar 2013.

**EIKEFJORDDAGANE 2012:**

Eikefjorddagane opplevde på nytt eit svært god besøk. Spesielt laurdag var det «svart av folk» i sentrum, og det var spesielt gledeleg med auka besøk frå nabokommunane i aust Naustdal og Førde. Spesielt dei «jordnære» aktivitetane for borna trekker mange familiar til arrangementet.
Fylkesordførar Åshild Kjelsnes opna dagane fredag. Same kveld opna også Kjartan Godø si biletutstilling på Nærleiken. Godø hadde godt besøk gjennom helga og selte for ca. Kr 60 000.-
Koriander sto som vanleg for ein glimrande kyrkjekonsert, og fekk folk i god stemning til kvelds- samlinga i storteltet med "open mikrofon" med inviterte solistar. Der var det svært mykje folk utover kvelden og natta, og styret stod for det årlege midnattsstuntet med god hjelp av song frå Kristin Schau.Delvis overskya men varmt vær møtte forventingsfulle utstillarar på laurdag morgon.
«Litt styr» hadde vi før alle var plassert slik dei hadde sterkast ynske om, men ting gjekk seg til raskt og det var god omsetning på dei fleste standane. Utstillargruppa hadde som vanleg gjort ein god jobb, og fått ein del nye utstillarar til marknadsplassane.
Frå scena i storteltet drog «bygdas eigen kjendiskokk» Ole Jonny Eikefjord mykje folk når han skulle vise korleis ein skulle lage delikatesse av fjordens eige fiskegull : «palen». Onkel Audvin hadde fiska inn råstoffet. Laurdag vart avslutta med dans på Langedalbua (for 3. gang). Det var mykje folk, god omsetning i baren, og høg stemning.

Søndagen møtte oss med grått vær og litt regnyr. Det kom likevel overraskande mange til sentrum, og for mange av borna var ein tur med seglskuta «Svanhild» ei stor oppleving. Skuta segla både laurdag og søndag og arrangøren rettar ei stor takk til Sparebanken Sogn og Fjordane som dekka kostnadane med «Svanhild» i Eikefjord denne helga.

Søndagens høgde i programmet var når «multikunstnaren» Jo Nesbø gjekk på scena på Langedalbua. Nesbø kjent som den heitaste internasjonale krim og barneforfattaren i Noreg for tida, og frå musikkgruppa Di Derre gjorde ein glimrande konsert med sin lune forteljingar. Det var kort og godt ei fantastisk stund på Langedalbua. Det vart ståande trampeklapp frå knappe 300 publikummarar. God marknadsføring og eit godt «rykte» frå tidlegare års arrangement er bidrag som vi trur betyr mykje for at arrangementet blir så vellukka år etter år.

**PLANSMIA:**
I november 2011 var Eikefjord arena for eit nytt kommunalt prosjekt som vart kalla plansmia. Det var ei vekelang prosess der eit fagteam frå blant anna Flora kommune, fylkeskommunen, og Statens vegvesen var til stades. Grunneigarar og utbyggarrar hadde store forventningar til ein rask prosess som skulle ende ut i ein god reguleringsplan. Dette har tatt alt for lang tid, og grendalaget har purra på Flora kommune. Deler av styret hadde møte med teknisk fagsjef og prosjektsjef for Flora kommune i november 2012, og vart lova ferdig plan innan sommarferien i år.

**KYRKJEBUKTA:**
Hovudarbeidet med Kyrkjebukta vart sluttført i 2011. Styret i grendalaget ynskjer solide leikeapparat plassert i overkant av badestranda, og søkte om gåvepengar til dette frå stiftelsen i Sparebanken Sogn og Fjordane. Vi fekk tildelt Kr 40 000 som utgjer ca. 35 % av stipulerte kostnader for prosjektet. Styret har som målsetning og gjennomføre prosjektet i inneverande år.

I løpet av våren vil også leikehytta som er flytta frå skulen bli fundamentert og plassert. Stormen «Dagmar» førte til ein del skadar på masse, asfalt og kanstein. Reparasjonsarbeidet kjem vi til å krevje eigar Flora kommune om blir gjort før sommarferien. Reparasjonen for skaden stormen gjorde på moloen til båtbryggja fekk grendalaget reparert rett i forkant av Eikefjorddagane. Kostnaden her var ca. Kr 50 000.- og vart dekka av Flora kommune «i eit hastevedtak.»

**EIKEFJORDPRISEN 2012:**
Steinar Karlsen og Reidar Høyset vart tildelt Eikefjordprisen for 2012, kvar med Kr 5 000. Steinar har utvikla seg til ein svært dyktig gitarist med stor merksemd som også har kome Eikefjordbygda til glede gjennom sin profilering. Reidar har våre «bygdas dugnadsperson» gjennom ein mannsalder. Stiller alltid opp.

Velfortent pris til begge to, som skapte stor applaus ved overrekkinga på Eikefjorddagane. Nytt med utdelinga i år var også at prisen vart delt ut under opninga på fredag, og ikkje på søndag som tidlegare.

**EKSTRA HONORAR TIL LAG/ORGANISASJONAR FOR DUGNADEN PÅ EIKEFJORDDAGANE 2012:**
Styret gjorde vedtak om at honorar for dugnaden til laga og organisasjonane som er med på Eikefjorddagane vart auka med Kr 5 000.- for 2012 til Kr 10 000.- til kvart av laga som var med. Dette førte til ei ekstrautbetaling på Kr 50 000.- men er velfortent i forhold til innsatsen.



**TV-INNSAMLING - AMNESTY:**
Tv-innsamlinga i år gjekk til Amnesty, og vart arrangert 21. oktober 2012. Grendalaget sto for innsamlinga i Eikefjord med krinsane rundt, og det var gjort ein god innsats. Totalt 21 bøsseberar var i aksjon for å dekke alle husstandane i indre strøk av kommunen.

**SAMARBEIDSAVTALE MED FLORA KOMMUNE OG STATENS VEGVESEN:**
Grendalaget og Flora kommune har ein samarbeidsavtale gjeldande til 2015 om arbeidet med reinhald av servicehuset på badestranda, og grøntanlegget på kyrkjebukta. Her tilsett grendalaget sesongarbeidarar til begge jobbane.

Grendalaget har også arbeidsavtale med Statens Vegvesen om vedlikehald av rasteplassen ved R5. Denne avtalen er også gjeldande til 2015.

***Styret takkar for all støtte i 2012, og ser spesielt fram til nye Eikefjorddagar 16. – 18. august i år.***

***Eikefjord, 07. april 2013***
***Med helsing***
***Eikefjord Grendalag***

Anders Ole Sunnarvik
***Anders Ole Sunnarvik – leiar***



*Fredagskvelden er mest for dei voksne. Kirkekonserten med Koriander var magisk der alt stemte. Ein i koret sa at han var så fornøgd med gjennomføringa at han ikkje fekk sove før langt på natt, han låg der berre smilande og gjekk gjennom konserten på nytt.*

# Resultatrekneskap

| | Note | 2012 | 2011 |
|---|---|---|---|
| **DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER** | | | |
| **Driftsinntekter** | | | |
| Salgsinntekt | | 989 304 | 951 273 |
| Annen driftsinntekt | | 68 505 | 50 |
| **Sum driftsinntekter** | | **1 057 809** | **951 323** |
| **Driftskostnader** | | | |
| Varekostnad | | 169 627 | 181 382 |
| Lønnskostnad | | 51 950 | 64 400 |
| Avskrivning på varige driftsmidler | | 11 800 | 0 |
| Annen driftskostnad | | 677 817 | 585 759 |
| **Sum driftskostnader** | | **911 194** | **831 542** |
| **DRIFTSRESULTAT** | | **146 615** | **119 781** |
| **FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER** | | | |
| **Finansinntekter** | | | |
| Annen renteinntekt | | 2 164 | 1 689 |
| **Sum finansinntekter** | | **2 164** | **1 689** |
| **Finanskostnader** | | | |
| Annen rentekostnad | | 2 156 | 138 |
| **Sum finanskostnader** | | **2 156** | **138** |
| **NETTO FINANSPOSTER** | | **8** | **1 551** |
| **ORDINÆRT RES. FØR SKATTEKOSTNAD** | | **146 623** | **121 332** |
| Skattekostnad på ordinært resultat | | 0 | 0 |
| **ORDINÆRT RESULTAT** | | **146 623** | **121 332** |
| **ÅRSRESULTAT** | | **146 623** | **121 332** |
| **OVERF. OG DISPONERINGER** | | | |
| Overføringer annen egenkapital | | 146 623 | 121 332 |
| **SUM OVERFØRINGER OG DISPONERINGER** | | **146 623** | **121 332** |



*Dyra på bøen ovanfor buss stoppen er flittig besøkt av barna. Kalven treng ikkje bevege seg for å få mat denne dagen.*



# Balanse pr 31.12.2012

| | Note | 31.12.2012 | 31.12.2011 |
|---|---|---|---|
| **EIENDELER** | | | |
| **ANLEGGSMIDLER** | | | |
| **Varige driftsmidler** | | | |
| Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontorm. | | 47 200 | 59 000 |
| **Sum varige driftsmidler** | | **47 200** | **59 000** |
| **SUM ANLEGGSMIDLER** | | **47 200** | **59 000** |
| **OMLØPSMIDLER** | | | |
| **Fordringer** | | | |
| Kundefordringer | | 12 000 | 8 000 |
| Andre fordringer | | 3 770 | 20 544 |
| **Sum fordringer** | | **15 770** | **28 544** |
| Bankinnskudd, kontanter o.l. | | 507 858 | 399 919 |
| **SUM OMLØPSMIDLER** | | **523 628** | **428 463** |
| **SUM EIENDELER** | | **570 828** | **487 463** |
| **EGENKAPITAL OG GJELD** | | | |
| **EGENKAPITAL** | | | |
| **Opptjent egenkapital** | | | |
| Annen egenkapital | | 541 774 | 395 150 |
| **Sum opptjent egenkapital** | | **541 774** | **395 150** |
| **SUM EGENKAPITAL** | | **541 774** | **395 150** |
| **GJELD** | | | |
| **KORTSIKTIG GJELD** | | | |
| Leverandørgjeld | | 3 054 | 89 217 |
| Annen kortsiktig gjeld | | 26 000 | 3 096 |
| **SUM KORTSIKTIG GJELD** | | **29 054** | **92 313** |
| **SUM GJELD** | | **29 054** | **92 313** |
| **SUM EGENKAPITAL OG GJELD** | | **570 828** | **487 463** |



*Kunstutstillingane har også blitt ein viktig del av Eikefjorddagane.*

# Resultatrekneskap kontospesifisert

| | Note | 2012 | 2011 |
|---|---|---|---|
| **DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER** | | | |
| **Driftsinntekter** | | | |
| Salgsinntekt | | | |
| 3011 Matservering ED | | 240 865,00 | 207 298,00 |
| 3030 Programhefte ED | | 230 500,00 | 184 000,00 |
| 3031 Standleige ED | | 20 150,00 | 29 600,00 |
| 3032 Billettinntekter ED | | 92 133,00 | 81 496,00 |
| 3033 Inntekter Dans/Pub | | 187 292,00 | 161 601,50 |
| 3034 Billettinntekter Kyrkjekonsert | | 0,00 | 80 570,00 |
| 3035 Arrangement ED | | 24 800,00 | 35 989,00 |
| 3039 Kalende kopper | | 0,00 | 1 520,00 |
| 3040 Div. driftsinntekter | | 123 564,00 | 94 198,58 |
| 3120 Sponsorinntekter avgiftsfrie | | 70 000,00 | 75 000,00 |
| **Sum Salgsinntekt** | | **989 304,00** | **951 273,08** |
| Annen driftsinntekt | | | |
| 3400 Diverse tilskot | | 68 455,00 | 0,00 |
| 3900 Andre driftsinntekter | | 50,00 | 50,00 |
| **Sum Annen driftsinntekt** | | **68 505,00** | **50,00** |
| **Sum driftsinntekter** | | **1 057 809,00** | **951 323,08** |
| **Driftskostnader** | | | |
| Varekostnad | | | |
| 4000 Innkjøp - Drikkevarer | | 43 179,74 | 3 948,30 |
| 4001 Innkjøp - Kolonialvarer | | 120 126,14 | 11 643,20 |
| 4230 Innkjøp av utstyr | | 6 321,00 | 3 210,50 |
| 4300 Innkjøp varer for videresalg | | 0,00 | 162 580,38 |
| **Sum Varekostnad** | | **169 626,88** | **181 382,38** |
| Lønnskostnad | | | |
| 5000 Lønn til ansatte | | 51 950,00 | 64 400,00 |
| **Sum Lønnskostnad** | | **51 950,00** | **64 400,00** |
| Avskrivning på varige driftsmidler | | | |
| 6010 Avskrivning transportmidler | | 11 800,00 | 0,00 |
| **Sum Avskrivning på varige driftsmidler** | | **11 800,00** | **0,00** |
| Annen driftskostnad | | | |
| 6300 Leie lokaler | | 7 000,00 | 13 000,00 |
| 6320 Renovasjon, vann, avløp o.l. | | 6 998,00 | 31 554,25 |
| 6360 Renhold | | 4 962,50 | 904,60 |
| 6411 Leige av utstyr | | 41 519,25 | 59 719,25 |
| 6440 Leie transportmidler | | 1 823,00 | 6 410,00 |
| 6490 Annen leiekostnad | | 6 504,00 | 13 815,00 |
| 6500 Kostnadsført grøntanlegg | | 9 363,33 | 22 253,02 |
| 6540 Kostnadsført utstyr | | 15 888,50 | 47 343,00 |
| 6560 Rekvisita | | 10 826,78 | 12 040,15 |
| 6620 Rep. og vedlikehold utstyr | | 0,00 | 1 894,00 |
| 6705 Regnskapshonorar | | 28 468,00 | 31 826,25 |
| 6727 Honorarer | | 183 610,00 | 99 538,00 |
| 6790 Annen fremmed tjeneste | | 183 655,72 | 2 000,00 |
| 6800 Kontorrekvisita | | 30,00 | 217,70 |
| 6900 Telefon | | 0,00 | 3 000,00 |
| 6940 Porto | | 829,00 | 804,00 |
| 7140 Reisekostnad, ikke oppg.pliktig | | 4 173,00 | 5 580,00 |
| 7320 Reklameannonser | | 0,00 | 12 849,00 |
| 7321 Markedsføring ED | | 22 500,00 | 99 500,00 |
| 7420 Gaver, fradragsberettiget | | 21 393,00 | 59 877,25 |
| 7460 Honorarer andre organisasjoner | | 110 000,00 | 44 000,00 |
| 7770 Bank og kortgebyrer | | 1 011,10 | 378,00 |
| 7771 Øreavrunding | | 0,00 | 0,49 |
| 7790 Annen kostnad m/fradrag | | 17 261,75 | 17 255,39 |
| **Sum Annen driftskostnad** | | **677 816,93** | **585 759,35** |



# Resultatrekneskap kontospesifisert

| | Note | 2012 | 2011 |
|---|---|---|---|
| **Sum driftskostnader** | | **911 193,81** | **831 541,73** |
| **DRIFTSRESULTAT** | | **146 615,19** | **119 781,35** |
| **FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER** | | | |
| **Finansinntekter** | | | |
| Annen renteinntekt | | | |
| 8050 Renteinntekt bankinnskudd | | 2 164,00 | 1 689,00 |
| **Sum Annen renteinntekt** | | **2 164,00** | **1 689,00** |
| **Sum finansinntekter** | | **2 164,00** | **1 689,00** |
| **Finanskostnader** | | | |
| Annen rentekostnad | | | |
| 8151 Rentekostnad banklån | | 18,25 | 0,00 |
| 8155 Rentekostnad leverandørgjeld | | 2 137,47 | 137,89 |
| **Sum Annen rentekostnad** | | **2 155,72** | **137,89** |
| **Sum finanskostnader** | | **2 155,72** | **137,89** |
| **NETTO FINANSPOSTER** | | **8,28** | **1 551,11** |
| **ORDINÆRT RES. FØR SKATTEKOSTNAD** | | **146 623,47** | **121 332,46** |
| Skattekostnad på ordinært resultat | | | |
| **ORDINÆRT RESULTAT** | | **146 623,47** | **121 332,46** |
| **ÅRSRESULTAT** | | **146 623,47** | **121 332,46** |
| **OVERF. OG DISPONERINGER** | | | |
| Overføringer annen egenkapital | | | |
| 8968 Overføring udisponert vinning | | 146 623,47 | 121 332,46 |
| **Sum Overføringer annen egenkapital** | | **146 623,47** | **121 332,46** |
| **SUM OVERFØRINGER OG DISPONERINGER** | | **146 623,47** | **121 332,46** |



*Den store finalen dette året var konserten med Jo Nesbø og ein merka fort at han hadde publikum i si hule hand. Med gode historier og fengande musikk vart dette eit høgdepunkt som kunne måle seg med konserten til Koriander.*

# Balanserekneskap kontospesifisert

| | Note | 31.12.2012 | 31.12.2011 |
|---|---|---|---|
| **EIENDELER** | | | |
| **ANLEGGSMIDLER** | | | |
| **Varige driftsmidler** | | | |
| Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontorm. | | | |
| 1240 Andre transpormidler | | 47 200,00 | 59 000,00 |
| **Sum Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontorm.** | | **47 200,00** | **59 000,00** |
| **Sum varige driftsmidler** | | **47 200,00** | **59 000,00** |
| **SUM ANLEGGSMIDLER** | | **47 200,00** | **59 000,00** |
| **OMLØPSMIDLER** | | | |
| **Fordringer** | | | |
| Kundefordringer | | | |
| 1500 Kundefordirnger | | 12 000,00 | 8 000,00 |
| **Sum Kundefordringer** | | **12 000,00** | **8 000,00** |
| Andre fordringer | | | |
| 1572 Lønnsforskudd | | 3 770,00 | 0,00 |
| 1750 Påløpt inntekt/tilskot | | 0,00 | 20 543,75 |
| **Sum Andre fordringer** | | **3 770,00** | **20 543,75** |
| **Sum fordringer** | | **15 770,00** | **28 543,75** |
| Bankinnskudd, kontanter o.l. | | | |
| 1900 Kontanter Eikefjorddagane | | 0,00 | 11 044,00 |
| 1920 Bankinnsk. 3775.03.13745 | | 77 691,12 | 68 709,24 |
| 1921 Bankinnsk. 3775.03.61154 | | 212 505,91 | 253 056,50 |
| 1922 Bankinnsk. 3705.08.05728 | | 217 660,73 | 67 109,50 |
| **Sum Bankinnskudd, kontanter o.l.** | | **507 857,76** | **399 919,24** |
| **SUM OMLØPSMIDLER** | | **523 627,76** | **428 462,99** |
| **SUM EIENDELER** | | **570 827,76** | **487 462,99** |
| **EGENKAPITAL OG GJELD** | | | |
| **EGENKAPITAL** | | | |
| **Opptjent egenkapital** | | | |
| Annen egenkapital | | | |
| 2050 Annen egenkapital | | 541 773,50 | 395 150,03 |
| **Sum Annen egenkapital** | | **541 773,50** | **395 150,03** |
| **Sum opptjent egenkapital** | | **541 773,50** | **395 150,03** |
| **SUM EGENKAPITAL** | | **541 773,50** | **395 150,03** |
| **GJELD** | | | |
| **KORTSIKTIG GJELD** | | | |
| Leverandørgjeld | | | |
| 2400 Leverandørgjeld | | 3 054,26 | 89 217,16 |
| **Sum Leverandørgjeld** | | **3 054,26** | **89 217,16** |
| Annen kortsiktig gjeld | | | |
| 2960 Annen påløpt kostnad | | 0,00 | 3 095,80 |
| 2989 Avsetninger for andre forplikte | | 26 000,00 | 0,00 |
| **Sum Annen kortsiktig gjeld** | | **26 000,00** | **3 095,80** |
| **SUM KORTSIKTIG GJELD** | | **29 054,26** | **92 312,96** |
| **SUM GJELD** | | **29 054,26** | **92 312,96** |
| **SUM EGENKAPITAL OG GJELD** | | **570 827,76** | **487 462,99** |



# Budsjett 2013

| | |
|---|---|
| **DRIFTSINNTEKTER:** | |
| Salgsinntekt | 950 000 |
| Andre driftsinntekter | 70 000 |
| **Sum driftsinntekter** | **1 020 000** |
| **DRIFTSKOSTNADER:** | |
| Varekostnad | 170 000 |
| Lønnskostnad | 30 000 |
| Avskriving driftsmidler | 11 800 |
| Andre driftskostnader | 650 000 |
| **Sum driftskostnader** | **861 800** |
| **Driftsresultat** | **158 200** |
| Finansinntekter: | |
| Renteinntekter | 2 200 |
| Finanskostnader: | |
| Rentekostnader | 2 000 |
| **Årsresultat** | **158 400** |



*Riding er kjempepopulært blandt dei unge, litt verre for foreldra som syns barna sit høgt oppe og kjem til å dette av heile tida. Ingen problem for dei rolege hestane og dei dyktige jentene som styrer aktiviteten.*



*Kaninane måtte berre studerast på nært hold.*




*Mat må ein også ha. To grillstasjoner og grautservering i Allhuset gjekk for fullt frå dei opna til etter at bodene var stengde. Ole Jonny Eikefjord viste frå scena korleis ein kan lage til pale og får den til å smake godt.*

Grafisk produksjon: Atema
Framsidefoto: Atle Erling Grøneng
Foto elles: Odd Asle Endestad (eikefjord.net - Eikefjorddagane 2012)

# Resultatrekneskap med fjorårstal - Eikefjorddagane periode 1/12

| Kontonr | Tekst | Denne periode i år | % av per. oms | Denne periode i fjor | Hittil i år | % av oms. | Hittil i fjor |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | **DRIFTSINNTEKTER** | | | | | | |
| 3011 | Matservering ED | 240 865,00 | 28,19 | 207 298,00 | 240 865,00 | 28,19 | 207 298,00 |
| 3030 | Programhefte ED | 230 500,00 | 26,98 | 184 000,00 | 230 500,00 | 26,98 | 184 000,00 |
| 3031 | Standleige ED | 20 150,00 | 2,36 | 29 600,00 | 20 150,00 | 2,36 | 29 600,00 |
| 3032 | Billettinntekter ED | 92 133,00 | 10,78 | 81 496,00 | 92 133,00 | 10,78 | 81 496,00 |
| 3033 | Inntekter Dans/Pub | 187 292,00 | 21,92 | 142 242,00 | 187 292,00 | 21,92 | 142 242,00 |
| 3034 | Billettinntekter Kyrkjekonsert | 0,00 | 0,00 | 80 570,00 | 0,00 | 0,00 | 80 570,00 |
| 3035 | Arrangement ED | 24 800,00 | 2,90 | 35 989,00 | 24 800,00 | 2,90 | 35 989,00 |
| 3040 | Div. driftsinntekter | 13 564,00 | 1,59 | 1 238,50 | 13 564,00 | 1,59 | 1 238,50 |
| 3120 | Sponsorinntekter avgiftsfrie | 45 000,00 | 5,27 | 50 000,00 | 45 000,00 | 5,27 | 50 000,00 |
| | **Sum salgsinntekter** | 854 304,00 | 100,00 | 812 433,50 | 854 304,00 | 100,00 | 812 433,50 |
| 3900 | Andre driftsinntekter | 50,00 | 0,01 | 0,00 | 50,00 | 0,01 | 0,00 |
| | **Sum andre salgsinntekter** | 50,00 | 0,01 | 0,00 | 50,00 | 0,01 | 0,00 |
| | **SUM DRIFTSINNTEKTER** | 854 354,00 | 100,01 | 812 433,50 | 854 354,00 | 100,01 | 812 433,50 |
| | **DRIFTSKOSTNADER** | | | | | | |
| 4000 | Innkjøp - Drikkevarer | 45 651,80 | 5,34 | -74,20 | 45 651,80 | 5,34 | -74,20 |
| 4001 | Innkjøp - Kolonialvarer | 110 185,36 | 12,90 | 2 075,00 | 110 185,36 | 12,90 | 2 075,00 |
| 4230 | Innkjøp av utstyr | 6 321,00 | 0,74 | 2 273,00 | 6 321,00 | 0,74 | 2 273,00 |
| 4300 | Innkjøp varer for videresalg | 0,00 | 0,00 | 149 791,26 | 0,00 | 0,00 | 149 791,26 |
| | **Sum varekostnader** | 162 158,16 | 18,98 | 154 065,06 | 162 158,16 | 18,98 | 154 065,06 |
| | **DEKNINGSBIDRAG** | 692 195,84 | 81,02 | 658 368,44 | 692 195,84 | 81,02 | 658 368,44 |
| 5000 | Lønn til ansatte | 0,00 | 0,00 | 38 000,00 | 0,00 | 0,00 | 38 000,00 |
| | **Sum lønnskostnader** | 0,00 | 0,00 | 38 000,00 | 0,00 | 0,00 | 38 000,00 |
| 5991 | Avsetning lønn | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| | **Sum andre personalkostnader** | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| | **Sum kostnader arbeidskraft** | 0,00 | 0,00 | 38 000,00 | 0,00 | 0,00 | 38 000,00 |
| 6300 | Leie lokaler | 0,00 | 0,00 | 1 000,00 | 0,00 | 0,00 | 1 000,00 |
| 6320 | Renovasjon, vann, avløp o.l. | 6 998,00 | 0,82 | 9 988,00 | 6 998,00 | 0,82 | 9 988,00 |
| 6360 | Renhold | 1 850,00 | 0,22 | 0,00 | 1 850,00 | 0,22 | 0,00 |
| | **Sum kostnader lokaler** | 8 848,00 | 1,04 | 10 988,00 | 8 848,00 | 1,04 | 10 988,00 |
| 6411 | Leige av utstyr | 37 519,25 | 4,39 | 59 719,25 | 37 519,25 | 4,39 | 59 719,25 |
| 6440 | Leie transportmidler | 1 823,00 | 0,21 | 4 535,00 | 1 823,00 | 0,21 | 4 535,00 |
| 6490 | Annen leiekostnad | 5 724,00 | 0,67 | 10 250,00 | 5 724,00 | 0,67 | 10 250,00 |
| | **Sum leie maskiner og utstyr** | 45 066,25 | 5,28 | 74 504,25 | 45 066,25 | 5,28 | 74 504,25 |
| 6540 | Kostnadsført utstyr | 6 923,00 | 0,81 | 0,00 | 6 923,00 | 0,81 | 0,00 |
| 6560 | Rekvisita | 8 399,86 | 0,98 | 11 814,25 | 8 399,86 | 0,98 | 11 814,25 |
| | **Sum kostnadsførte anskaffelser** | 15 322,86 | 1,79 | 11 814,25 | 15 322,86 | 1,79 | 11 814,25 |
| 6705 | Regnskapshonorar | 13 923,00 | 1,63 | 0,00 | 13 923,00 | 1,63 | 0,00 |
| 6727 | Honorarer | 183 610,00 | 21,49 | 87 038,00 | 183 610,00 | 21,49 | 87 038,00 |
| 6790 | Annen fremmed tjeneste | 141 067,50 | 16,51 | 0,00 | 141 067,50 | 16,51 | 0,00 |
| | **Sum eksterne honorarer** | 338 600,50 | 39,63 | 87 038,00 | 338 600,50 | 39,63 | 87 038,00 |
| 7140 | Reisekostnad, ikke oppg.pliktig | 4 173,00 | 0,49 | 5 580,00 | 4 173,00 | 0,49 | 5 580,00 |
| | **Sum reise, diett, bilgodtgj** | 4 173,00 | 0,49 | 5 580,00 | 4 173,00 | 0,49 | 5 580,00 |
| 7321 | Markedsføring ED | 22 500,00 | 2,63 | 99 500,00 | 22 500,00 | 2,63 | 99 500,00 |
| | **Sum salgs- og reklamekostnader** | 22 500,00 | 2,63 | 99 500,00 | 22 500,00 | 2,63 | 99 500,00 |
| 7420 | Gaver, fradragsberettiget | 17 178,00 | 2,01 | 21 799,00 | 17 178,00 | 2,01 | 21 799,00 |
| 7460 | Honorarer andre organisasjoner | 110 000,00 | 12,88 | 40 000,00 | 110 000,00 | 12,88 | 40 000,00 |
| | **Gaver og kontingenter** | 127 178,00 | 14,89 | 61 799,00 | 127 178,00 | 14,89 | 61 799,00 |
| 7770 | Bank og kortgebyrer | 830,60 | 0,10 | 0,00 | 830,60 | 0,10 | 0,00 |
| 7790 | Annen kostnad m/fradrag | 2 631,00 | 0,31 | 1 000,00 | 2 631,00 | 0,31 | 1 000,00 |
| | **Sum andre kostnader** | 3 461,60 | 0,41 | 1 000,00 | 3 461,60 | 0,41 | 1 000,00 |
| | **Sum andre driftskostnader** | 565 150,21 | 66,15 | 352 223,50 | 565 150,21 | 66,15 | 352 223,50 |



# Resultatrekneskap med fjorårstal - Eikefjorddagane periode 1/12

| Kontonr | Tekst | Denne periode i år | % av per. oms | Denne periode i fjor | Hittil i år | % av oms. | Hittil i fjor |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | **SUM DRIFTSKOSTNADER** | 727 308,37 | 85,13 | 544 288,56 | 727 308,37 | 85,13 | 544 288,56 |
| | **DRIFTSRESULTAT** | 127 045,63 | 14,87 | 268 144,94 | 127 045,63 | 14,87 | 268 144,94 |
| | **FINANSINNT. OG -KOSTN.** | | | | | | |
| 8050 | Renteinntekt bankinnskudd | 144,00 | 0,02 | 0,00 | 144,00 | 0,02 | 0,00 |
| | **Sum finansinntekter** | 144,00 | 0,02 | 0,00 | 144,00 | 0,02 | 0,00 |
| 8151 | Rentekostnad banklån | 18,25 | 0,00 | 0,00 | 18,25 | 0,00 | 0,00 |
| 8155 | Rentekostnad leverandørgjeld | 2 013,47 | 0,24 | 0,00 | 2 013,47 | 0,24 | 0,00 |
| | **Sum finanskostnader** | 2 031,72 | 0,24 | 0,00 | 2 031,72 | 0,24 | 0,00 |
| | **SUM NTO. FINANSPOSTER** | -1 887,72 | 0,22 | 0,00 | -1 887,72 | 0,22 | 0,00 |
| | **ORD. RESULTAT FØR SKATT** | 125 157,91 | 14,65 | 268 144,94 | 125 157,91 | 14,65 | 268 144,94 |
| | **EKSTRAORDINÆRE POSTER** | | | | | | |
| | **ÅRSRESULTAT** | 125 157,91 | 14,65 | 268 144,94 | 125 157,91 | 14,65 | 268 144,94 |
| | Overskudd + / Underskudd - | | | | | | |



*Hoppbakken var spennande og litt skummel første gang. For kvar gang ein prøvde seg gjekk det bedre.*



*Sparebanken Sogn og Fjordane hadde sponsa Svanhild sitt tokt til Eikefjorden.*
*Her var det gullmynter å finne på Kalveskinnshavet.*



*Grilling på Sunnarvikstanden.*